



# VOSS KOMMUNE

## Brannvernet



Voss jordbrukskule  
Skulestadmo

5710 Skulestadmo

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
14/80-170 25242/14	TE	GOP	M71		11.11.2014

### BRANNTILSYN 2014

I medhald av lov av 14.juni 2002 nr.20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann og eksplosjonsvernloven) med tilhøyrande Forskrift av 26.juni 2002 om brannførebyggjande tiltak og tilsyn (FOBTOT) og Forskrift av 6.desember 1996 om systematisk helse- miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta), vart det utført brannteknisk inspeksjon den 10.11.14 på objektet.

Tilstades ved tilsynet:

Brannvernleiar:	Andres Fenne
For virksomheit/brukar:	Svein Inge Styve
For eigar:	Steinar Ove Lexander (Ronny Landås, Malthus)
For Voss brannvern:	Harald Rongen, Bjørn Dolve og Geir Ove Pedersen

### Innleiing

Hensikta med tilsynet var å vurdere om eigar/brukar av objektet arbeider systematisk med branntryggleiken. Frå brannvernet si side er det lagt vekt på å føreta ei heilskapleg vurdering av alle tilhøve som kan påverka sannsynlegheita for at ein brann kan bryta ut, og konsekvensane av brann. Eit tilsyn kan ikkje reknast som ein tilstandsrapport for objektet.

Tilsynet omfatta mellom anna:

- At brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann.
- At brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for redning og slukkeinnsats
- At virksomheita sin internkontroll er hensiktsmessig for å nå mål på sikkerheitsområdet
- At spesifiserte aktivitetar vert etterlevd slik som beskrive

### Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av tidlegare tilsynsrapportar, internkontrollrutiner, brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Vidare vart det føreteke ein stikkprøvekontroll på objektet.

## Oppfølging etter siste gongs tilsyn

Førre tilsyn vart avhelde: Eigenmelding 2013. Eldre bygningsmasse er fjerna.

### Generelt

Kort beskrivelse av bygning/virksomheit:

- Nytt mellombels undervisningsbygg i to etasjer.

### Definisjoner:

AVVIK:

- Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgevinga

MERKNAD:

- Tilhøve som tilsynsmyndigheita meiner det er riktig å påpeika for å ivareta helse-, miljø og sikkerheit, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARER:

- Utfyllande skildring av avvik/funn som beskriv dei faktiske tilhøva ved objektet.

### Avvik

Fylgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

#### Avvik 1

- Eigar må dokumentera at brannobjektet er bygt, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann.

Avvik frå:

- §§ 2-1 og 3-1 i førebyggjandeforskrifta.

Kommentarar:

- Slik vi tolkar brannteknisk teikning/brannkonsept ligg det som føresetnad frå byggesaka at brannalarmanlegget skal ha direkte varsling til brannvesenet/alarmsentral. Bruksløyve/ferdigattest føreligg og bygget er teke i bruk utan at dette er iverksett.
- Verifikasjon under dette tilsynet avdekka m.a. at deler av branncelleinndeling delvis ikkje samsvarar med prosjektering, herunder manglande dør i branncellebegrensande vegg, dører mot trapperom utan sjølvluukkande funksjon, manglande branntetting i gjennomføring mellom etasjar m.v. Vidare at rømn. utgang frå lærararb.rom ikkje var tilrettlagt for rask og sikker rømning.
- Med bakgrunn i det som er påpeika ovanfor vert det også sendt melding til bygningsmyndigheita, jfr. § 1-4 3. ledd i plan- og bygningslova. Eigar bør gjennomføra ei heilheitleg kartlegging av bygget, som dokumenterer at alle forutsetningane i brannteknisk prosjektering er fullt ut ivareteke.

### Merknader

Fylgjande tilhøve vart påpeika under tilsynet:

Merknad 2 (Brukar)

- Branninstruksar må opp på strategiske plassar saman med rømingplan.
- Oversikt over tilsette som har delteke på brannvernopplæring/øving kunne ikkje dokumenterast. Ein viser til § 3-1 og 3-3 i førebyggjandeforskrifta.


## Oppsummering/avsluttande møte

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.

### Tilbakemelding

Med henvisning til § 6-2 i førebyggjandeforskrifta ber me om ei skriftleg tilbakemelding innan **10.12.14** på avvik/merknader i rapporten. Tilbakemeldinga skal innehalda ein tidsplan som beskriv når og korleis avvik/merknader vil bli retta/fylgt opp. Dersom brannvernet ikkje finn at tilbakemeldinga er tilfredsstillande, kan det verta gjeve pålegg om utbetring jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 37 fyrste ledd.

Med helsing



Geir Ove Pedersen  
varabrannsjef

Kopi med  
vedlegg til:

Hordaland fylkeskommune, eigedomsseksjonen, pb 7900, 5020 Bergen